



## SAK 35-13 UTTALE, PLANPROGRAM FOR REGIONAL PLAN FOR VERDISKAPNING OG NÆRINGSUTVIKLING

### Uttale

Regionrådet for Hallingdal gav i sak 33/12 uttale til regional planstrategi, der ein av foreslåtte regionale planar var «Regional plan for næringsutvikling og verdiskaping».

Ut frå tidlegare uttale og høyringsutgåve til planprogram for Regional plan for verdiskaping og næringsutvikling, gjev Regionrådet for Hallingdal slik uttale:

1. Sjølv om regional planstrategi i stor grad skal famne heile fylke er det særdeles viktig at fylkeskommunen evnar å legge planar og strategiar, som er tilpassa dei ulike utfordringar regionane i Buskerud står overfor. I planprogrammet står det: *Temaene skal være relevante for hele, eller i det minste store deler av fylket og derfor også de fleste typer næringer.* Etter Regionrådet sitt syn er dette ei retningslinje, som kan vera ekskluderande, for å ta tak i nokre av dei store mogelegheitene /utfordringane i ein region.

Regionrådet for Hallingdal ber om at det blir vurdert om 1 – 2 plantema kan vera ulike for regionar, dersom det syner seg at dette er av stor betydning.

2. Det er peikt på at: «*Samferdselsutfordringene for næringslivet handler om arbeidsplassintensive bedrifter der effektiv og sikker transport er knyttet til arbeidskraftens reise til og fra jobb, og til produksjonsbedrifter med store transportbehov for gods hvor kostnadssiden spiller inn. Det er også en type bedrifter som er avhengig av stedegne kvaliteter hvor veien i seg selv kan være en del av opplevelsen som kunden kjøper, for eksempel reiseliv.*»

Regionrådet for Hallingdal vil her presisere at ein stor del av reiselivsnæringa sitt transportbehov er effektiv og sikker transport, der reisetid er heilt avgjerande. Syner her til rapport om reiselivsnæringa sitt transportbehov, Statens vegvesen Region sør og Nasjonal transportplan 2010–2019.

3. Statlege rammevilkår er avgjerande for store delar av næringslivet og kan vera ulike for ulike type næringar og geografiske område. I Regional plan for verdiskaping og næringsutvikling må dette koma inn som eit konkret punkt, med eigne vurderingar og forslag til konkrete tiltak.
4. Regionrådet for Hallingdal ber om at framdriftsplan for planarbeidet blir vurdert. Planlagt vedtak om vel eitt år kan verke meir utmatande enn inkluderande.

Rett utskrift  
Ål 4.10.2013

*Knut Arne Gurigard*

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Kopi: Kommunane i Hallingdal